

Erik Herredsvela  
SAGSTADVEGEN 144  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3312 - 22/42419

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
07.06.2022

## Førerels svar på krav om endring av bygningsopplysningar i matrikkelen og søknad om bruksendring - gbnr 319/51 Sagstad nedre

Alver kommune viser til søknad om endring av bygningsopplysningar i matrikkelen frå einebustad m/hybel/leilighet (kode 112) til einebustad (kode 111) og seinare mottatt søknad om bruksendring frå to til ei brukseining i bustadbygg på gbnr 319/51.

Det går fram av kommunen sitt arkiv at det i sak 2003/642 vart gitt løyve til riving av eksisterande bustad og oppføring av ny bustad med 2 husvære, eitt i 1. etasje og eitt i delar av 2. etasje. Husværa hadde felles inngang og var ikkje fysisk adskilt. Det vart vidare i vedtak datert 11.09.2017 i sak 17/1968 gitt løyve til oppføring av tilbygg til bustaden. Ut i frå godkjende teikningar i denne saka går det fram at 2. etasje er bygd om slik at heile bygget framstår som ei bueining. Dette er i samsvar med mottatte teikningar. Det vart ikkje søkt om samanføying av brukseiningane. Byggesaka er ikkje avslutta med ferdigattest.

### Vurdering

Byggesaksavdelinga legg til grunn at ombygging av bustaden er godkjend slik teikningane viser og at bygget etter ombygginga har ei bueining. Vi vurderer derfor at samanføying av brukseiningane ikkje vil krevja ytterlegare søknad og løyve etter plan- og bygningslova. Saka er oversend Kart og oppmåling for vurdering etter matrikkellova.

Vi gjer elles merksam på at søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova § 21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest for tiltaket. Dersom tiltaket er ferdig ber vi om at du fyller ut og sender inn vedlagte skjema for søknad om ferdigattest. Skjema sender du til post@alver.kommune.no.

Vi gjer merksam på at dersom tiltaket er ferdig og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen påleggje dykk å søkje om ferdigattest.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Meir informasjon om ferdigattest inn du på kommunen sine heimesider. Sjå her: [Alver kommune - Ferdigstilling](#)

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
Skjema for ferdigattest

**Mottakarar:**

Erik Herredsvela

SAGSTADVEGEN 144      5919      FREKHAUG